



# Kviteseid misjonskyrkje

## MISJONSKIRKEN NORGE

### Referat frå styremøte onsdag 28. april 2021 kl 18.00

#### **Til stades:**

Ane S. Holm (2020-2021)

Åsbjørg Hægeland (2021-2022)

Sigrun Lønning Solvang (2021-2022)

*Ane opna med å lese frå Josva 1. Gud som seier til Josva: «Ver modig og sterk!», og hans landsmenn seier til han «Ver modig og sterk!».*

Sak 11/21: Godkjenning av referat frå styremøtet 3. mars 2021

Referatet vart godkjent utan merknader.

Sak 12/21: Orienteringar frå Speidern og Fellesmøtekomiteen

Ane fortalte om verksemda i Speidern. Dei har nettopp hatt speideropptaking. Det vart tatt opp 15 ungar og 6 leiarar. Ungane er no delt opp i patruljer. Dei er takksame for all forbøn.

Ane fortalte om status i Godhetsveka. Det er godt med påmeldte som vil jobbe.

Sak 13/21: Planlegging av resten av våren og komande haust.

#### a) Våren: to planlagte arrangement

30. mai kl 17.00      Sundagstreff      Kamilla Minde har andakt.

13. juni kl 13.00      Avslutning      Samling i hagen med andakt, leik og medbrakt mat.  
Servering av is og kaffi. Tur til Uddaråsen etterpå.

b) Komande haust:

29. august kl 13.00    Sundagstur med refleksjonsløype til KORSTOPPEN
12. september kl 18.00 Sundagstreff
26. september        Felleskyrkjeleg songmøte
3. oktober kl 19.00    «Kveldstankar og kveldsmat»
24. oktober kl 18.00    Sundagstreff
7. november kl 19.00   «Kveldstankar og kveldsmat»
21. november kl 18.00 Sundagstreff
28. november kl 18.00(?) Song- og adventsmøte
19. desember kl 11.00 Jolemøte

Vi ønsker primært å bruke lokale talarkrefter.

Etterkvart som samfunnet opnar opp att ønsker vi å lage til ein jentekveld og vi ønsker å sjå på om vi kan starte opp ein eller annan form for smågruppe.

Betel er utleigd til private arrangement 14. august og 21. august

Sak 14/21:    Økonomisak frå årsmøtet

Det vil koste 1250 kr + mva å opprett eit valg via nettsidene slik at skattefrie gåver kan gjevast også til Jakobs hus. Styret vil at vi prioriterer dette sjølv om det kostar pengar. Jmf ønske frå årsmøtet.

Sak 15/21:    Fredagsklubben

Det har pr no vore to møte om framtida til fredagsklubben. Leiarane der er for få til å klare å drive arbeidet slik dei ønsker om, og har invitert alle menighetane i bygda til å tenkje saman. Det er nytt samarbeidsmøte 25. mai. Frå oss har Ane og Olav Holm, samt Åsbjørg Hægeland vore på eitt eller to av desse møta.

Sak 16/21:    Eventuelt

Linda Ardernach Johannesen har invitert oss til regional samling på Teams onsdag 12. mai. Åsbjørg og Ane blir med på dette møtet.

Olav B. Holm har kjøpt inn og installert ny PC til oss. Familien har også betalt for denne. Styret takkar varmt for både jobben og gåva!

Neste styremøte: mandag 9. august kl 18.00.

*Åsbjørn Hægeland, sekretær*